



Uskedalen oppvekstsenter treng opprustning. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Miljøretta helsevern i kommunen har kome med ein merknad til søknaden frå Uskedalen oppvekstsenter om godkjenning for heile anlegget. Dei er ikkje nøgde med det bygningsmessige.**

Kommunelege I Oddvar Larsen og ingeniør Knut Evjen konstaterer at ein merknad om rydding av ventilasjonsrom, berederrom og garderobe for gitar er etterkomme. Det same gjeld kravet om å søkje helseverngodkjenning av ombyggjinga frå gymsal til klasserom.

Men dei skriv vidare:

' Avvika som går på det bygningsmessige (dårleg vedlikehald og inneklima) er ikkje utbetra.

Tilsynet viser til vedlagte avviksskjema som vart sendt med tilsynsrapporten datert 25.9 2007. Frist for utbetring var 7.12.2007.

Før kommunelegen (miljøretta helsevern) handsamar søknaden om helseverngodkjenning, ber ein om ei tilbakemelding innan 29.2. kor det framgår kva for tiltak som er gjort for å utbetra avvika som går på det bygningsmessige.

Dersom enkelte av avvika ikkje er utbetra innan fristen, må dette bli grunngeve.”

I november vart det slege fast av Miljøretta helsevern at vedlikehaldet på skulen må betrast og at den må få eit tilfredsstillande inneklima.

Av Ola Matti Mathisen